

## **Ombygging av ferjekaiene i Jondal og Tørvikbygd**

**I januar kom det ei ny større elektrisk ferje som trafikkerer mellom Tørvikbygd og Jondal.**

Dagens ferjekaier er for smale og må byggast om for å handtere ei større og breiare ferje. For å gjennomføre arbeidet blir det naudsynt å stenge ferjekaiene i to periodar.

### **To stengeperiodar**

I første periode frå 9. -14. mars skjer arbeidet med å førebu sjølve ombygginga. Då vil mellom anna fundamenta til nye ferjelemmar kome på plass.

Andre periode vil vere i slutten av mai. Då skjer sjølve ombygginga av ferjekaiene, og dei nye ferjelemmane skal på plass. Ombygging av ny ferjekai i Jondal og Tørvikbygd skjer på same tid.

### **Omkøyring**

Tilrådd omkøyring med bil er via ferjesambandet Gjermundshamn – Årsnes. For alternative omkøyringsveggar sjå 175.no.

### **Alternativ transport**

Ombygginga vil få konsekvensar for trafikantar, og Skyss vil setje inn alternativ båttransport og korresponderande bussar for dei reisande.

Sjå meir informasjon på [skyss.no](http://skyss.no).

Eit avgrensa tal på parkeringsplassar vil vere tilgjengeleg ved/på ferjekaiene i Jondal og Tørvikbygd.

### **Kontaktinformasjon:**

Byggeleiar i Vestland fylkeskommune,  
Kristoffer Hove tlf. 911 16 125.